

Det ligg til rette for ein flott julekonsert.

08.12.2014



© Gunn Gravdal Elton

Vi gleder oss til å høyre Ronya Lakselv med den store stemma. Her imponerer ho i Odda kyrkje. (Foto: Gunn Gravdal Elton)

Komande søndag er det klart for den tradisjonelle julekonserten i Uskedal kyrkje. På programmet i år vil vi sakna Røysterett for alle, men soknerådet har sydd i saman eit godt program som bør samla full kyrkje. Mykje flott song vert det også. I konserten får vi høyre ikkje mindre enn 3 dyktige songsolistar.



Den nye soknepresten vår, Lina Håland, har allereie gledd mange kvinnheringar med vakker song. Ho skal også halde andakten. (Foto: Kristian Olav Bringedal)

Elles er alle dei årvisse innslaga i julekonserten med. Både skulemusikken, trekkspelklubben og musikklaget stiller med kvar sine veltrimma juleprogram. Dermed sikrar dei at tradisjonane vert haldne godt i hevd. Det som særpregar årets konsert, er at den inneneheld heile 4 svært dugande solistar. Nokre av dei har vi høyrte før, medan andre er nye for oss. Vi gleder oss verkeleg til å høyre alle.

3 av dei er songsolistar. Ekstra kjekt er det at den eine er ei 14 år gammal jente frå vår eiga bygd. Eg har blitt svært imponert av Ronya Lakselv då eg har høyrte ho tidlegare, og no ser eg verkeleg fram til å høyre ho skape julestemning med den flotte og kraftige stemma si. Ho skal mellom anna synge songar vi kjenner frå Bjørn Eidsvåg og Oslo Gospel Choir. Den nye soknepresten vår, Lina Håland har eg ikkje høyrte som songsolist

tidlegare, men utfrå det eg har høyrte frå andre, er dette verkeleg noko å glede seg til. Sjølv etter kort tid i Kvinnherad har ho allereie begeistra mange, også saman med gospelkoret sitt Abraham. Og det stoppar ikkje med dette! Frå Samnanger kjem songaren Knut Inge Røen. Han bidrog også på julekonserten i 2008 med ei stemmeprakt som gjorde at Ola Matti Mathisen tok fram dei heilt gode karakterane i omtalen etterpå.



Her imponerer Knut Inge Røen med stemmeprakt på julekonserten i 2008. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fløyte er særdeles vakkert i samspel med orgel. Det høver svært godt i kyrkjerommet. Frå Seimsfoss kjem den dugande fløytisten Kristine Hestad. Ho har gjeve mange fine konsertar. I seinare tid i samspel med vår eminente organist Eva Megyesi. Dei to spelar saman også på søndag. Det vert garantert stemningsfullt! Eva vil også bidra i svært mange andre samanhengar under konserten.

Eit flott og spesielt innslag vert det og når Møyfrid Kristoffersen og Magne Eik framfører Olaf Agnar Gausvik sin gode prolog til 100-års jubileet for Uskedal kyrkje. Den vart framført under jubileumsfesten tidlegare i haust. No gjentek dei framføringa slik at fleire skal få oppleve det flotte verket.



Det vert stemningsfullt i kyrkja når Kristine Hestad spelar fløyte i samspel med organist Eva Megyesi. (Foto: Ola Matti Mathisen)
Det vert altså ein julekonsert med tradisjon og nyskaping, - ein julekonsert som er 100-års jubilaranten Uskedal kyrkje verdig. Det vert stemningsfullt i kyrkja frå kl.19 og utover den 3. adventssundagen!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.